

Årsmelding  
2008



SpareBank  
HALLINGDAL 

# Innhold

	Side
I 2008 vart forsvaret vårt testa ut	3
Bankmagasinet 2009	4
Styret si årsmelding for 2008	5
Resultatrekneskap	14
Balanse per 31. desember 2008	16
Noter til konsernrekneskapen 2008	18
Årsmelding frå kontrollkomiteen	32
Revisjonsberetning	33
Tillitsvalte i 2008	34
Visjon/Verdiar/Hovudmål	35



## I 2008 vart forsvaret vårt testa ut



Foto: Tomas Carlstrem

Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

I oppgangstider er det lett å drive forretning – også bankverksemd. Når dei mørke skyene viser seg i horisonten og uværet etter kvart set inn – må verksemda ha gjort eit solid forarbeid for å kunne ri stormen av utan for store skader. Mi vurdering er at SpareBank 1 Hallingdal har stått fjellstøtt når finanskrisa etterkvart rulla inn over Noreg. Banken har levert eit godt driftsresultat, men heilt skadefri har me ikkje kome gjennom 2008.

I SpareBank 1 Hallingdal har me i fleire år vore opptekne av å identifisere risiko og styre verksemda i samsvar med vår soliditet. Banken skal ta risiko, men ikkje utan at dette skjer i kontrollerte former. Når uvêret set inn, så skal banken ha evne til å stå oppreist og vere ein god bank for kundane sine. Nårvêret har løya, så skal me på nytte levere gode resultat.

Mangel på likviditet har knekt bankar før. Når pengemarknaden nesten tørka ut over natta, medførte det ingen krise for banken. Lån med forfall i nær framtid var refinansiert og det var ca 8 månader fram til neste forfall. Me lanserte innskotsproduktet PULS på eit svært strategisk viktig tidspunkt. Sjølv om media skapte mykje uro rundt innskot og garantiordninga så valde våre kundar å stole på banken. I sum medførte det ein fantastisk god innskotsvekst. I tillegg gjennomførte banken fleire andre tiltak slik at banken etter kvart vart svært likvid, og banken hadde ved utgangen av 2008 tilstrekkeleg likviditet til å innfri alle låneforfall i 2009 utan å refinansiere desse.

Våre gjennomgangar av store og alle utsette næringslivsengasjement har ikkje gitt store utslag i individuelle nedskrivingar. Fleire års arbeid med kredittsystem og heving av kredittkompetanse har resultert i moderat tapsrisiko sjølv om bedriftene møter store utfordringar. Eg trur likevel at me i 2009 vil oppleve fleire konkursar og noko høgare tap samanlikna med dei siste åra. Dette har me teke noko høgde for gjennom auka nedskrivingar i 2008.

I urolige tider er informasjon ut til kundane veldig viktig. Vår heimeside har sannsynlegvis vore ei av dei beste med omsyn til relevante artiklar knytt til finanskrisa. Det er viktig at våre kundar kan finne god og nyttig informasjon på vår heimeside. Me ønskjer å utvikle denne delen endå meir i 2009.

Den største spenningen i 2009 er knytt til kor kraftig tilbakegangen i norsk og internasjonal økonomi blir. Det er ikkje tvil om at me står overfor ein global resesjon, høgare arbeidsløyse, treg bustadmarknad, høgare risikotillegg på renter osv. Sjølv om det er rett at norsk økonomi står betre rusta enn mange andre, så skal me ikkje gløyme at me definerer Noreg som ein liten, open økonomi som er sterkt påverka av korleis den internasjonale økonomien utviklar seg.

Eg meiner me har klart å bygge gode og solide forsvarsverk til å kunne takle hendingar som me har opplevd hausten 2008, og som me forventar skal halde fram utover i 2009. For kundane er det viktig å ha ein bank som står oppreist og fungerer godt i turbulente tider. Det er i dei vanskelege periodane kundane verkeleg treng ein god bank. SpareBank 1 Hallingdal har ikkje skalka dørene og me skal vere offensiv i vår verksemd også i 2009.

**Bankmagasinet 2009:** Leiari ved Knut Oscar Fleten side 2 · Jørn Hilmes-stemnet side 8-9 · NM Folkemusikk side 19

# Bank- magasinet

2009

SpareBank  
HALLINGDAL 1



## Bank med eige museum

side 16-19

PRO-skolen side 4-5

Valdresungdom lagar avis side 10-11

Årets gáve til Deaf Aid side 24-25

**40 sesongar på Glitre** side 29

SpareBank 1

I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdiar banken fører attende til lokalsamfunnet.

– Vi har eit samfunnsansvar, seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten.

Ring 03202 dersom du ynskjer Bankmagasinet tilsendt.

# Styret si årsmelding for 2008

Konsernet si verksemd omfattar først og fremst morbanken, men til verksemda høyrer også datterselskapa Hemsedal Regnskap AS og eigedomsselskapa SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt investeringsselskapet SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og EiendomsMegler 1 Geilo AS. I sistnemnde eig banken 85% av aksjane. Det er morselskapet som i hovudsak dannar dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar også heile konsernet.

## Visjon, verdiar og mål


Banken sin visjon er å vere «den anbefalte banken» i banken sitt marknadsområde, Hallingdal og Valdres. Bankdrifta skal bygge på verdiane «nær» og «dyktig».

SpareBank 1 Hallingdal skal ved hjelp av SpareBank 1 Gruppen vere eit naturleg førsteval som leverandør av alle typar finanstenester som banken tilbyr. Målgruppa er alle kundegrupper med tilknyting til Hallingdal og Valdres. Banken skal profilerast som ein lokalbank med evne til å framstå som nær og dyktig med behovstilpassa løysingar for kundane. Vidare skal banken vere ein aktiv og sterk samarbeidspartner for næringsliv og offentleg sektor, og i tillegg ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalsamfunnet. Banken skal framstå som ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring for å styrke banken si konkurransesevne. Banken har målsetting om å oppnå ei god eigenkapital-avkastning for å bevare banken si sjølvstende og lokale forankring. Utlån til personmarknaden skal minst utgjere 60% av brutto utlån. Det er eit mål å halde kostnadsprosenten under 60% og ha ein kjernekapital på minimum 10%.

## Norsk og internasjonal økonomi

Me har i 2008 fått ein forsterka uro i dei internasjonale finansmarknadane og store utslag i realøkonomien. Situasjonen blir karakterisert som den verste økonomiske krisa sidan 30-talet. Veksten i verdsøkonomien er for året venta å bli under 4,0% som er ned frå 5,0% i 2007. Me ser ein nedgang i dei fleste regionar, men det er i industriland me ser det største fallet i veksten. Oljeprisen som steig gjennom heile 2007, held fram med å stige i første halvdel av 2008, men i andre halvår fall prisene mykje i takt med dei lågare forventningane til den økonomiske veksten. Ved utgangen av 2008 vart prisen notert til 47 dollar fatet mot nesten 150 dollar i juli. I USA vart veksten i bruttonasjonalproduktet (BNP) i 2007 på 2,0%, og i 2008 er det venta i området 1,4%. Veksten var positiv dei to første kvartala, medan den i 3. kvartal fall med 0,5%. Amerikansk økonomi har i 2008 vore prega av finanskrisa. I første halvår toppa uroa seg då amerikanske Bear Stearns, ein av verdas største investeringsbankar, fekk likviditetsproblem og vart kjøpt opp av ein av dei andre store investeringsbankane, JP Morgan. Endå verre vart det i andre halvår då ytterlegare ein av dei store investeringsbankane, Lehman Brothers, fekk likviditetsproblem og gjekk konkurs. Dette ført til at

likviditeten i det internasjonale banksystemet forsvann og pengemarknadsrentene steig dramatisk. Konjunkturindeksen ISM, som avspeglar innkjøppssjefane sine forventningar, har falle mykje i 2008, og ligg no på lågaste nivået på over 25 år. Både industriproduksjonen og detaljhandelen fell, og indikatorar for konsumenttillit ligg på svært låge nivå. Arbeidsløysa som låg på 5,0% ved inngangen til året, har stige til 6,7%. Myndighetene i USA har kome på banen med fleire krisepakker for å stabilisere det finansielle systemet og gje støtte til den fallande bustadmarknaden. I tillegg har den amerikanske sentralbanken senka signalrenta 7 gonger med til saman 4,0-4,25 prosentpoeng gjennom året. Inflasjonen ligg framleis høgt, men sentralbanken er mindre bekymra for inflasjonsutsiktene som følgje av lågare oljeprisar og lågare økonomisk aktivitet.



Som elles i verda, fall veksten kraftig også i Japan. Sentralbanken har kutta renta for første gong på sju år frå 0,5% til 0,3%. Veksten har også avteke i Kina om ikkje i same grad som i Japan. Også i andre land i Asia ser me lågare eksport og fallande vekstrate. I eurosona har me hatt eit markert skifte i den økonomiske aktiviteten. Regionen er teknisk sett i resesjon (definert som fall i bruttonasjonalprodukt 2 kvartal på rad), med negativ vekstrate både i andre og tredje kvartal 2008. Høg inflasjon og fallande bustadprisar har trekt forbruket ned. Dette saman med ein redusert eksport svekkar veksten. Myndighetene i dei ulike landa har kome med omfattande tiltak for å stabilisere dei finansielle marknadane og sikre finansinstitusjonar. Den europeiske sentralbanken kutta renta med 1,5 prosentpoeng gjennom året.

Også i Noreg har me fått ei markert oppbremsing i aktiviteten i løpet av 2008. Vekstutsiktene er betydeleg redusert, spesielt i løpet av andre halvår. Konjunkturbarometeret PMI fall frå 54 i desember 2007 til 49 i juni 2008, og har i løpet av hausten falle heilt ned til 41. Me ser at industriproduksjonen fell, og veksten i privat konsum er venta å koma ned frå 6,4% i 2007 til 1,5% i 2008. Kreditteksten har også avteke. Arbeidsløysa er framleis låg, men dei siste månadane har arbeidsmarknaden svekka seg markert. Ved utgangen av året låg arbeidsløysa på 2,0%.

Inflasjonen har stort sett stige gjennom 2008, men gjekk markert ned i november. Kjerneinflasjonen låg då på 2,7% og den samla inflasjonen på 3,2% (ned frå ein topp på 5,5% i oktober). Det er venta at prisveksten framover vil falle ytterlegare. På same måte som sentralbankane internasjonalt, er også Norges Bank no meir bekymra over vekstutsiktene enn over høg inflasjon. Norges Bank sette ned signalrenta med 2,25 prosentpoeng i 2008, og det er venta at renta vil bli sett ytterlegare ned i første halvår 2009.

Det har vore store endringar i rentemarknaden i 2008. Lange renter steig i første halvår, men fall markert i andre halvår. Korte amerikanske pengemarknadsrenter fall dei første månadane, men steig med 2,0 prosentpoeng på under ein månad i samband med Lehman-konkursen for seinare å falle ned att. Dei korte europeiske rentene steig i september, men ikkje like dramatisk som dei amerikanske pengemarknadsrentene, og har sidan falle markert ned. Norske pengemarknadsrenter steig dramatisk i samband med at likviditeten tørka ut i haust, men også her fall renta etter kvart som sentralbankane ute sette ned rentene og regjeringa i ulike land lanserte krisepakker. Den norske regjeringa presenterte ei tiltakspakke med ei ramme på NOK 350 mrd, der bankane vart tilbydd å bytte obligasjoner med fortrinnsrett mot statspapir. Dei mindre bankane vart tilbydd F-lån (Fastlån) på maks. 1 mrd., med ei ramme opp til to år. Innafor valutamarknaden ser me at den amerikanske dollaren har styrka seg mot euro i 2008, medan norske kroner har svekka seg betydeleg mot både dollar og euro. Den amerikanske aksjemarknaden fall mellom 30 og 40% i 2008, medan Oslo Børs fall med over 50%.

## Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen har som overordna målsetting å produsere og levere konkurransedyktige finansielle tenester og produkt, samt å ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnader og/eller høgare kvalitet. Privatpersonar og bedrifter skal oppleve lokal forankring, dyktigkeit, og ein enklare kvardag.

SpareBank 1-bankane driv alliansesamarbeidet og utvikling av produktsselskapet gjennom det felles eigde selskapet SpareBank 1 Utvikling DA og holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eigrarar av selskapet er SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 SMN, SpareBank 1 Nord-Norge, Sparebanken Hedmark og Samarbeidende Sparebanker AS (16 sparebankar på aust- og vestlandet), samt Landsorganisasjonen/fagforbund knytt til LO.

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100% av aksjane i SpareBank 1 Livsforsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS, Bank 1 Oslo AS, ODIN Forvaltning AS, SpareBank 1 Medlemskort AS og SpareBank 1 Gruppen Finans Holding samt 75% av aksjane i Argo Securities og 24,5% av aksjane i First Securities. SpareBank 1 Finans Holding AS eig 90% av

aksjane i Actor Fordringsforvaltning AS og 100% av aksjane i SpareBank 1 LTO AS. SpareBank 1 Gruppen AS er i tillegg deltakar i SpareBank 1 Utvikling DA.

2008 har vore eit år prega av turbulens og oppkjøp. I oktober kjøpte SpareBank 1-bankane den kriseramma Glitnir Bank, og i november gjekk SpareBank 1 Gruppen inn i det nystarta meklarhuset Argo Securities.

SpareBank 1 Gruppen AS har og det administrative ansvaret for banksamarbeidsprosessane i SpareBank 1-alliansen, der teknologi, merkevare, kompetanse, felles prosessar/utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen driv og utviklingsarbeid gjennom tre kompetansesentra innafor Læring (Tromsø), Betaling (Trondheim) og Kreditt (Stavanger).

Resultata i SpareBank 1 Gruppen viser ei tilfredsstillande utvikling, med ei avkastning over dei målsettingar som er fastsett av eigarane.

SpareBank 1 Gruppen sitt førebels resultat etter skatt for 2008 er på -808,5 mill. kroner. Heile underskotet er knytt til SpareBank 1 Livsforsikring, som gjennom finansuroa i 2008 valde å halde ein høg aksjeandel i høve til andre marknadsaktørar. Livselskapet har elles avgjort å stoppe og avvikle eit større IT-prosjekt, som har medført ei nedskrivning på i alt 417 mill. kroner. Bakgrunnen for avgjersla er leverandøren si manglande evne til å leve, og at dette representerer eit vesentlig misleghald. Kostnaden påverkar korkje kundane eller kapitaldekninga i livselskapet. Finanskrisen har i tillegg medført lågare forvaltningsinntekter i ODIN og noko auka tap i Bank 1 Oslo. Med unntak av livsforsikringsselskapet leverer dei andre datterselskapa i Gruppen positive resultat for året 2008.

## SpareBank 1 Hallingdal si verksemd i 2008

2008 vart året då ei eventyrlig økonomisk utvikling stoppa opp og snudde. Etter fleire år der alle kurver peika oppover vart finansverda innhenta av realitetane. Banken har hatt fokus på å manøvrere i ein uroleg marknad og vere vaken i høve til kva verknader internasjonale konjunkturar får for lokalbanken. I denne delen orienterer dei ulike fagområda litt om kva som har hatt fokus i året.

Innafor forsikringsområdet har banken også i 2008 jobba aktivt mot bedriftskundar med omsyn til teikning av OTP-avtale (Obligatorisk tenestepensjon) og skadeforsikring. Heile 66% av bankkundane har no OTP-avtala si i banken og bestanden på skadeforsikring i bedriftsmarknaden (BM) har auka med 1 million i 2008 til totalt 7 millionar.

Kompetansebygging innan forsikring for privatmarknaden har vore prioritert, og dei fleste rådgjevarane er godkjent. Porteføljen i Hallingdal og Valdres er på 24 millionar. Sal av landbruksforsikring kom også i gang i 2008.

Myndighetene har fokus på kvitvasking av pengar. Som finansieringsinstitusjon er banken underlagt lovgjeving som skal forhindre kvitvassing. I 2008 har banken hatt eit spesielt fokus på legitimasjonskontroll ved oppretting av nye kundeforhold fordi legitimasjonsvindel breier om seg i stadig større grad. Ny lov om kvitvassing er på veg og banken vil i 2009 implementere dei nye reglane. Det ligg i korta at målet er meir kontroll av kundane.

Banken har fokus på miljøtiltak og me ønskjer å redusere papirbruken. Internt blir ein svært stor del av kundedokument skanna og arkivert elektronisk. Stadig fleire kundar som nyttar nettbank får sine kontoutskrifter og meldingar elles direkte i nettbanken. I 2009 utvidar me dette ytterlegare

slik at alle som har nettbank får sine meldingar elektronisk i nettbanken sin.

I 2008 vart banken tilgjengeleg på mobiltelefonen. Mobilbank er ein forenkla versjon av nettbanken og har dei mest brukte bankfunksjonane.

Plasseringsområdet har vore sterkt prega av finanskrisa på to måtar. For det første har etterspørsla etter fondsandalar gått kraftig ned og mange har realisert gevinstar i fonda, dvs. seld seg ut. I tillegg har det vore lite sal av nye andelar. I usikre tider søker kundane mot det sikre og for banken har det gjort seg utslag i stor interesse for bankinnskot. Stigande rentenivå har også vore med på å gjøre bankinnskot meir populært.

Banken prioriterte allereie før finanskrisa slo til for fullt å få auka innskot frå kundane. I mars vart det lansert eit fastrenteprodukt med binding til desember 2008 som slo svært godt an. I mai lanserte banken ein ny type innskotskonto – Puls. Produktet kan karakteriserast som ei blanding av fastrenteinnskot med kort binding og flytende rente. Puls har vorte svært populært og er ein vesentleg årsak til at banken sine innskot har hatt ein så sterkt auke i ei tid der det har vore mykje fokus på kor sikre innskotsmidlane er i banken. Sjølv om Banksikringsfondet garanterer for innskot opp til 2 mill. kroner, ser me at kundane har hatt tillit til banken og i svært liten grad har teke ut innskot over garantisum for å spreie risikoene på fleire bankar.

I 2007 sökte banken Kredittilsynet om konsesjon som verdi-papirføretak i samband med innføring av dei såkalla MiFID-reglane. Banken fekk i mars beskjed om at søknaden vart innvilga og SpareBank 1 Hallingdal kan difor tilby kundane ei sjølvstendig rådgjeving innafor plasseringsområdet.

I 2008 har banken helde fram med å segmentere kundemassen og fordele kundar på kvar einskild rådgjevar på privatmarknaden. Dette er gjennomført ved alle avdelingane, og banken sitt kundesenter har også fått sin eigen portefølje på ca 700 kundar med adresse utanfor Hallingdal og Valdres. Banken har også vidareført og vidareutvikla hendingsbasert oppfølging av kundane.

Banken innførte i 2008 to nye kundeprogram for å møte konkurransen frå andre bankar, og for å kunne behalde kundar som er attraktive for nisjebankar. For gruppa 18 til 30 år heiter programmet «18t30» og for aldersgruppa over 64 år er den kalla «Nyt Livet».

Banken har også i 2008 hatt stort fokus på rådgjeving-samtalene og bruk av rådgjevingsverktøy. Dette er viktig for å få til ei einsarta gjennomføring av kundemøte/kundesamtalar med god kvalitet, og etter nokolunde same lest på alle avdelingane.


Innafor bedriftsmarknaden er også kundemassen segmentert. Målsettinga er betre rådgjeving mot dei rette kundane.

2008 har for utlånsverksemda vore prega av hyppige renteendringar. Totalt har me gjennomført 13 rentemøte. Årets første 9 månadar var prega av renteoppgang, for så å få kraftige kutt i 4. kvartal. Sjølv med hyppige renteendringar er det vår klare oppfatning at konkurransen i marknaden er velfungerande. Spesielt hard har konkurransen om utlånsrenta i privatmarknaden vore.

Eit spesielt fokus på kvalitet hjå rådgjevarane har vore med på å redusere banken sin sårbarheit på området. Totalt har me i dag 42 medarbeidarar som arbeider kunderetta innafor finansiering, fordelt på privat og bedriftsmarknaden.

SpareBank 1 Boligkreditt AS har vore i full drift i 2008. SpareBank 1 Hallingdal har totalt overført bustadlån for ca. 325 mill. kroner til kredittføretaket. Med den kraftige veksten i innlånskostnaden har SpareBank 1 Boligkreditt saman med gode innskotsprodukt vore ei viktig fundingkilde i 2008.

Brutto utlån (mill. kr), morbank



Når lån blir overført til boligkredittselskapet går dei også ut av banken sin balanse. Dette forklarar noko av den beskjedne utlånsveksten i 2008.

Banken sine lokale er i tur og orden rusta opp dei siste åra gjennom fleire ut- og ombyggingsar. I 2008 vart det sett opp eit tilbygg på Gol som har gitt mange nye kontorplassar.

På vårparten, nærmare bestemt 7. april, bytta SpareBank 1 logo og grafisk uttrykk. Eit slikt bytte genererer både kostnader og arbeid. Fleire postar i rekneskapen er påverka av endringane. Etter over 10 år var eksisterande uttrykk vorte for gamaldags og lite tilpassa 3-dimensjonal bruk, t.d. på nettsider. SpareBank 1 har no fått eit grafisk uttrykk som er meir i tråd med ønska profil i marknaden.

## Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre innskytarane og andre grupper sine interesser. Konsernet si verksemddsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

SpareBank 1 Hallingdal har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance) av 28. november 2006, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan eigarkapital som er børsnotert, eller som blir omsett regelmessig.

## Risikoforhold og intern kontroll

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i året starta på ei vidareutvikling av rammeverket for risikostyring gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde. Dette arbeidet vil halde fram i 2009. Vidare har banken ein eigen controllerfunksjon som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlingar i samarbeid med fagsjefane.

På same måte som dei siste åra er intern kontroll eit prioritert område, og er no integrert som ein del av den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til administrerande banksjef. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet har ført til ei kvalitetshaving på fleire område.

### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er med flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente ved utgangen av året er på 67 mill. kroner. Av dette er 48 mill. kroner sikra med swap-avtalar. Banken har ikkje fastrenteinnskot utover det som er knytt til strukturerte produkt. Desse er særskilt sikra mot rentesvingingar.

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 282,6 mill. kroner som blir forvalta av ekstern forvaltar. Samansetninga i porteføljen har vore nokså uendra gjennom året, men forvaltar vekta seg litt opp i aksjar mot slutten av året. Porteføljen hadde ved utgangen av 2008 ei samansetning på ca. 12,2% aksjar og 87,8% obligasjonar/sertifikat. Aksjeposten har ei lik fordeling av norske aksjar og utanlandske aksjefond med ei god spreieing mellom ulike sektorar. Med den negative kursutviklinga for aksjar i 2008 er aksjeporteføljen skrive ned i året, og ved utgangen av året har den eit urealisert tap på 6,5 mill. kroner.

Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg, men det avgrensar samstundes avkastningspotensialet. Gjennomsnittleg durasjon var ved utgangen av 2008 på 0,21 mot 0,26 for eit år sidan. Renterisikoen i porteføljen blir vurdert som liten. Kursrisikoen blir også vurdert som liten sidan ein stor del av porteføljen er investert i statssertifikat og kraftselskap. Ein del er investert i bankpapir. Alle verdipapir er vurdert med tanke på nedskriving i årsoppgjeren.

Den amerikanske aksjemarknaden fall mellom 30 og 40% i 2008, medan Oslo Børs fall med over 50%. Dette gir ei avkastning på -54% for norske aksjar og -28% på utanlandske aksjar i året. Avkastninga i renteporteføljen for året vart 6,1%. Dette gir ei samla avkastning på porteføljen på 1,1%. Finanskrisa har i 2008 medført ein kraftig auke i både kredittpåslag (spread) og i forskjellen mellom stats- og swaprenter. Sjølv om effekten på dei korte rentene har vore mindre enn for lange renter, har dette redusert avkastninga. Det høge kredittpåslaget gir ei høgare avkastning, slik at porteføljen har fått ei meiravkastning i 2008 i høve til referanseindeks.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskot og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrentepositionar ved hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på endringa i verdien på renteinstrument ved ei endring på 1 prosentpoeng. Ved årsskiftet er banken sin samla renterisiko rekna til 2,3 mill. kroner og er godt innafor ramma.

### Kreditrisiko

Kreditrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine forpliktingar overfor banken. Kreditrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedrar. Kreditrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån.

Risikoprofilen i utlånsporteføljen har endra seg lite i året, men visse utviklingstrekk er det. Lån med høg risiko, svært høg risiko eller misleghald utgjer om lag 17,4% av porteføljen ved utgangen av året mot 12,3% året før. Resterande 82,6% av porteføljen har ei risikoklassifisering frå moderat til svært låg. For eit år sidan var talet 87,7%. Ein årsak til reduksjonen er overføringa av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. Det er godt sikra lån med liten risiko som blir overført, og banken vil få ein litt mindre andel av lån med låg risiko som følgje av det. Ein annan årsak er at i løpet av året er andelen lån til privatmarknaden redusert frå 62,4% ved starten av året til 57,1% ved slutten av året. Tala for lån til bedriftsmarknaden har tilsvarannde auka frå 37,6% til 42,9%. Dette er ei utvikling som kan gje noko høgare risiko enn om andelen lån i privatmarknaden aukar. Dersom me reknar med overførte lån til boligkredittselskapet er fordeling privatmarknad (PM)/bedriftsmarknad (BM) 60/40. Banken har ei målsetting om å ha maksimalt 40% av utlånsengasjementa til bedriftsmarknaden.

For næringslivskundar utgjer engasjement med høgst risiko eller misleghald 22,0% av porteføljen (24,3% i 2007). Utviklinga viser ein noko redusert andel engasjement med høg risiko, men eit tydeleg trekk er at misleghalde lån har auka mykje. Endringar i risikosamansetninga blir overvaka i banken sin risikorapport, og samla kreditrisiko blir vurdert til å vere på eit akseptabelt nivå, men med fokus på misleghaldne lån.

Banken sin utlånsportefølje er i stor grad retta mot eigedomar innafor både privat- og bedriftsmarknaden. Tradisjonelt er slike lån lite risikoeksponert i høve til dei mest risiko- og konkurranseutsette næringane. Likevel skapar finanskrisa usikkerheit om utviklinga framover. I vårt område kan prisutviklinga på fritidsbustader endre risikobiletet utover i 2009, men tidlegare nedgangstider har vist at prisnivået i Hallingdal og Valdres har helde seg bra.

Banken hadde ved siste årsskifte 6 engasjement som overstig 10 prosent av konsernet sin netto ansvarlege kapital (64,0 mill. kroner). Eit av desse er banken sine datterselskap. Engasjementa utgjorde 89,0% av netto ansvarleg kapital. Banken har til saman 58 engasjement over 10 mill. kroner som til saman utgjer 1.364 mill. kroner.

Banken hadde ved utgangen av 2008 i alt 965 næringslivskundar med ein gjennomsnittleg engasjementstørrelse på 2,66 mill. kroner. Dette gir ei god risikospreiing.

For personkundar utgjer engasjement med moderat risiko eller lågare 89,9 prosent (94,3 prosent i 2007) av porteføljen. Som tidlegare omtala, er mykje av årsaka til endringa overføring av lån til boligkredittselskapet. Me ser likevel at misleghaldet har auka noko, men det er lågt samanlikna med auken innafor bedriftsmarknaden.

I banken sitt risikoklassifiseringssystem er det mogeleg å følgje endring i porteføljesamsetninga over tid – såkalla migrering. Den viser om porteføljen flyttar seg til betre risikoklassar, er uendra eller flyttar seg til dårlegare risikoklassar. Figuren under viser migrering i 2008 for alle utlån, kredittar og garantiar.

### Migrering i 2008

	<b>Migrering i kroner</b>	<b>*)</b>
Betra/uendra risikoklasse	4 249 960 320	75,1
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	789 233 136	13,9
Migr. 2 risikoklassar per 12 md.	286 053 125	5,1
Migr. 3 risikoklassar per 12 md.	235 583 943	4,2
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	101 979 646	1,8
<b>Sum</b>	<b>5 662 810 170</b>	<b>100,0</b>
«Positiv migrering»	1 112 827 612	19,7
«Negativ migrering»	1 412 849 850	24,9

### Migrering i 2007

	<b>Migrering i kroner</b>	<b>*)</b>
Betra/uendra risikoklasse	4 315 496 845	80,3
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	707 578 445	13,2
Migr. 2 risikoklassar per 12 md.	198 952 038	3,7
Migr. 3 risikoklassar per 12 md.	84 438 133	1,6
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	69 468 952	1,3
<b>Sum</b>	<b>5 375 934 413</b>	<b>100,0</b>
«Positiv migrering»	1 274 682 911	23,7
«Negativ migrering»	1 060 437 568	19,7

\*) Migrering i % av total portefølje

Samla sett har ein mindre del av porteføljen uendra eller betre risikoklassifisering no enn for eit år sidan. Av tabellen ser me at flyttinga i porteføljen har endra seg frå 2007 til 2008. Medan det i 2007 var ei overvekt av «positiv migrering» (dvs. at eit engasjement fekk betre klassifisering) har det i 2008 vore ei overvekt av «negativ migrering». I året har ca. 25% av porteføljen fått ei dårlegare risikoklassifisering. Dette gjer at porteføljekvaliteten fell og underbyggjer behovet for auka gruppendedskrivingar som omtala i eit seinare kapittel. I 2009 er det venta og budsjettert med 6 mill. kroner i tap i utlånsporteføljen. Kreditrisikoene i verdipapirporteføljen er estimert til kr 85.500 i forventa tap når ein byggjer på gjennomsnittstal for misleghald over ein periode på 20 år. Styret vurderer samla kreditrisiko som tilfredsstillande.

### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i eidegar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret minimum årlig. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom langsigtige og kortsiktige innlån, spreiing til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Banken har eit behov for å hente pengar i marknaden til å finansiere differansen mellom innskot og utlån. Sjølvfinansieringsgraden har gått mykje opp i 2008 som følgje av god innskotsvekst og overflytting av lån til SpareBank 1 Boligkredit. Samla innlån i 2008 utgjer 687,5 mill. kroner, av dette er 490 mill. refinansiering av innlån.


Likviditeten har hatt spesiell fokus i 2008. I takt med eskaleringa av finanskrisa vart det viktigare og viktigare å ha fokus på området med jamleg møteverksemd.

Tilgangen på likviditet i marknaden var i starten på året nokså god, men med stadig aukande kredittpåslåg. Etter konkursen til Lehman Brothers i september turka marknaden heilt inn og kredittpåslaget auka svært mykje. Regjeringa kom på seinhausten med ei krisepakke der bankar kunne nytte gode bustadlån til bytte mot statspapir. I tillegg la Norges Bank ut F-lån på opptil 2 år. Tidlegare har F-lån hatt løpetid på nokre dagar til nokre veker.

Banken sin likviditetssituasjon per 31.12.08 er svært god. Det har den også vore gjennom året. Refinansiering og nye låneopptak vart gjennomført på eit tidleg tidspunkt og har gjort at banken har styrt unna finansiering med svært høgt kredittpåslag. Av banken sitt totale innlånsvolum skal 33% refinansierast i 2009. Likviditetssituasjonen ved utgangen av året gjer at mykje av lånegjelda som forfell i 2009 kan innfriast med eigne midlar.

Banken har ei god fordeling av innlån i ulike marknader, ulike innlånskilder og forfallstidspunkt. Innskot er konsernet si viktigaste finansieringskjelde og ved utgangen av 2008 er innskotsdekninga 71,1%. Årsaka til den store auken i innskotsdekninga, er at banken sin balanse er redusert med 324 mill. kroner i samband med flytting til boligkreditselskapet. Utan denne overføringa hadde innskotsdekninga vore 66,4%

### Innskot (mill. kr), morbank



Banken hadde ved utgangen av året unytta trekkrettar på 150 mill. kroner og oppgjerskredittar på 40 mill. kroner.

### Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald
- Andre interne og eksterne årsaker.

Fagsjefane har ansvar for kvalitet innafor sine fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerande banksjef. Controllerfunksjonen er også tidlegare nemnd. I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning og sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar.

## Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fire likeverdige fullservice-kontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol og Fagernes. Datterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal. EiendomsMegler 1 Geilo AS er lokalisert på Geilo.

Ved utgangen av året hadde konsernet 95 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 80,1 mot 80,6 årsverk året før.

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 51,0 mill. kroner i 2008. Godtgjersle til administrerande banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av note 8.

Morbanken held i 2008 fram med si satsing på kompetanseheving. Fleire tilsette deltok på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet (Bedriftsøkonomisk Institutt). I 2005 var banken delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen, læringshuset PM (privatmarknaden). Implementering av dette er gjennomført og det er gjort eit stort kompetanseløft i banken på dette området dei tre siste åra. Ved utgangen av 2008 var heile 17 rådgjevarar sertifisert som SpareBank 1 Rådgjevar PM, og fleire er snart klare for sertifisering. I løpet av 2008 vart det i bransjen godkjent ei ny autorisasjonsordning for finansielle rådgjevarar, som frå 2009 vil vere inkludert i læringshuset PM. Banken har evna å implementere kompetanseløftet på ein særleg god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra.

Dei siste to åra har banken vore delaktig i utvikling av eit tilsvarande utdanningsprogram i alliansen for bedriftsrådgjevarane, læringshuset BM (bedriftsmarknaden). Implementeringa av dette er sett i verk, og det vil vere eit vesentleg kompetanseløft for bedriftsrådgjevarane dei komande åra. Den nye autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar vil i stor grad også gjelde bedriftsrådgjevarane, og vil verte inkludert i læringshuset BM.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillende. SpareBank 1 Hallingdal har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjelpt banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderinger og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefravere m.m. Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2008, og er følgd opp på alle nivå i banken. Banken sitt HMS-system er vidareutvikla i 2008. Banken har valt å melde seg inn som IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) i 2008.

Sjukefråveret i banken er stabilt lågt og under gjennomsnittet i bransjen. I 2008 var samla sjukefråvære på 3,1% av total arbeidstid (mot 3,6% i 2007). Av dette var 2,6% legemeldt (mot 3,0% i 2007) og 1,4% legemeldt langtidssjukdom. Hemsedal Regnskap AS og EiendomsMegler 1 Geilo AS rapporterer også svært lågt sjukefråvære i året.

Sjukefråvere	2007	2008
Morbanks	3,6%	3,1%
- Kvinner	5,3%	4,5%
- Menn	0,6%	0,8%
Hemsedal Regnskap AS	5,5%	1,2%
EiendomsMegler 1 Geilo AS		0,0%

I løpet av 2008 har banken fått 6 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat. Det har vore låg «turnover» i 2008. Totalt 2 personar har slutta, noko som tilsvrar 2,2%. Banken har ikkje vore utsett for ran i 2008, og det er ikkje registrert personskadar eller ulykker av nokon art.

Banken ønskjer å ha fokus på miljøet. Banken si verksem forureinar ikkje det ytre miljøet direkte, men sidan banken har ei desentralisert organisering som ikkje har noko hovudkontor, blir det ein del reiseverksem mellom avdelingskontora. I tillegg blir det ein del reising i samband med møteverksem innan alliansen. Dette medfører ein del bilkøyring, som dei siste åra har hatt eit omfang på ca. 210.000-225.000 km. per år. for morbanken. I 2008 kjøpte alle bankar i SpareBank 1-alliansen videokonferanseutstyr med ei konkret målsetting om å redusere reiseverksemda for å spare miljøet og effektivisere tidsbruka gjennom mindre reisetid. I løpet av 1. kvartal 2009 vil banken ha videokonferanseutstyr på alle kontora, slik at ein i endå større grad kan halde interne, felles møter utan at deltakarane må reise.

## Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.08 fordele seg med 61% kvinner og 39% menn. Ved utgangen av 2008 hadde morbanken 79 tilsette tilsvarande 69,2 årsverk. I morbanken var fordelinga 62% kvinner og 38% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 33% og i morbanken 38%. I styret er samansetninga 4 menn og 3 kvinner.

Gjennomsnittsalderen for tilsette i datterselskapa er 45 år i Hemsedal Regnskap AS og 37 år i EiendomsMegler 1 Geilo AS. Gjennomsnittsalderen for tilsette i morbanken er 45 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 41 år, mens det for kvinnelege leiarar er 46 år. Tilsvarande er gjennomsnittsalderen for menn i morbanken 47 år, medan det for mannlege leiarar er 46 år. Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Hausten 2007 tilbydde banken dei kvinnelege medarbeidarane mogelegheit til å søkje banken om å få plass på finansbransjen sitt leiarprogram for kvinner, Futura-programmet. Ein av våre kvinnelege medarbeidarar vart vald ut og har gjennomført dette leiarprogrammet i 2008, med vår adm. banksjef som mentor.

## Resultatet for 2008 i morbank

Driftsresultatet før tap og skatt i morbank vart 45,2 mill. kroner eller 0,83% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2007 er dette ein reduksjon frå 50,4 mill. kroner, eller 1,1% av forvaltningskapitalen. Resultatredusjonen skuldast fleire tilhøve som blir kommentert i det følgjande.

Resultatet før skatt er på 32,6 mill. kroner og er 12,2 mill. lågare enn i 2007. Banken har i år bokført 12,5 mill. i tapskostnad, men heile 10,8 mill. av dette er auke i nedskrivingar (gruppevise og individuelle) for å møte framtidige tap. Banken ventar at sannsynlighet for tap har auka som følgje av finanskrisa, men det vil ta litt tid før faktiske tap blir konstatert. Rekneskapen for 2008 har teke høgde for auka tapsrisiko og kostnadsført ein del i 2008 sidan finanskrisa som hending vart gjeldande i året.

Resultat etter skatt enda på 19,4 mill. kroner mot 31,8 mill. i 2007. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 2,8%, og er eit langt dårlegare resultat enn forventa.

Føråret var prega av store endringar i rentenivået. Norges Bank auka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng to gonger (april og juni), og sette den ned tre gonger (to i oktober og desember) med til saman 2,75 prosentpoeng. I desember vart styringsrenta sett ned med heile 1,75 prosentpoeng. Morbanken sine netto rente- og kreditprovisjonsinntekter enda på 113,5 mill. kroner, som tilsvavar ein rentenetto på 2,08% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarande tal for 2007 var 98,0 mill. kroner og 2,14%. Rentemarginen er auka frå 2,38% til 2,39% det siste året.

EiendomsMegler 1 Geilo AS har lagt eit vanskeleg marknadsmessig år bak seg. Selskapet leverer eit negativt resultat i år, og verdien på aksjane er skrive ned med 4 mill. kroner i høve til kostpris. I tillegg blir goodwill frå aksjekjøpet avskrive med 1,7 mill. kroner per år. Saman med årsresultatet til selskapet blir konsernet sitt resultat frå denne verksemda negativt med vel 6 mill. kroner i 2008.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 23,9 mill. kroner eller 0,44% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Av dette utgjorde netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester 24,8 mill. kroner, ein auke på 2,7% frå året før. Banken si verdipapirportefølje gav ei samla avkastning på 1,1% i 2008. Aksjeporbeføljen som blir forvalta aktivt, er skrive ned med 6,5 mill. i takt med børsfallet. Fram til børsfallet starta for fullt hadde banken realisert aksjegevinstar på 4,6 mill. noko som var om lag på nivået i 2007.

Sum driftskostnader auka i 2008 til 92,2 mill. kroner og utgjer 1,69% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanliknande tal for 2007 var 81,2 mill. kroner og 1,77%. Kostnadsveksten på 13,6% skuldast i hovudsak fire tilhøve; pensjon, rentenivå, omprofilering og alliansekostnader.


Banken bytta pensjonsleverandør i slutten av 2007. Frå 1. januar 2008 gjekk ein del tilsette over på innskotsbasert pensjon medan hovudtyngda framleis har ei ordning basert på ytingar. I samband med omlegginga er rekneskapen belasta med ein del eingongskostnader. I tillegg blir nyare tal for risiko for uførleik lagt til grunn i pensjonspremien. Desse tilhøva gjer at pensjonen har ein meirkostnad på 2,5 mill. i høve til året før.

Høgare rentenivå i året enn forventa har også ført til at rekneskapen er belasta med ei høgare husleige til datterselskap enn året før. Auken er på 2,3 mill. kroner.

I april bytta SpareBank 1 logo og grafisk uttrykk. Dette genererte ein del ekstrakostnader i form av skilt, reklamemateriell og marknadsføring. Desse kostnadane, med unntak av skilt, er utgiftsført i året. Alliansekostnadane har også hatt ein stor vekst i året. Ein stadig større del av leveransar, spesielt på IT-området, skjer gjennom alliansen. Banken sin kostnadsprosent for 2008 vart 67,1% i høve til banken sine driftsinntekter. For 2007 var kostnadsprosenten 61,7. Mykje avsetningar i rekneskapen er med på å gje ein langt høgare kostnadsprosent enn banken si målsetting.

Tap på utlån og garantiar er i 2008 bokført med 12,5 mill. kroner. Konstaterte tap i året utgjer 2,3 mill. kroner og er faktisk eit lågare tal enn året før. Tapsavsetningane er auka med 41% frå 15,7 mill. til 26,5 mill. kroner.

Kostnadsprosent morbank ekskl. verdipapir



Individuelle nedskrivingar utgjer 7,3 mill. kroner ved utgangen av 2008 og er ein auke på 2 mill. kroner frå året før. Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar utgjer 144,4 mill. kroner, mot 31,6 mill. i 2007. Misleghaldet utgjer 3,12% av brutto utlån. Banken forventar ein reduksjon i misleghaldet i 1. kvartal 2009.

Avsetningsgrad for misleghalte engasjement er 3,4% og for andre tapsutsette engasjement 7,7%. I 2007 var avsetningsgraden samanlikningsvis 16,3% og 76,4%. Den store nedgangen i avsetningsgrad skuldast den store auken i misleghald ved årsskiftet.

Gruppevise nedskrivingar utgjer 19,2 mill. kroner ved utgangen av året og er auka med 8,8 mill. frå 2007. Kredittilsynet sa i brev i desember 2008 at dei forventar at banken vurderer effekten av alle tapshendingar som er relevante i vurderinga av nedskrivingsbehov. Banken har gjort ein stresstest av utlånsporteføljen og ut frå denne analysen er nedskrivingane auka vesentleg i 4. kvartal.

Etter frådrag for skatt med 13,1 mill. kroner, vart resultatet av ordinær drift i morbanken 19,4 mill. kroner mot 31,8 mill. kroner i 2007. Dette er eit langt dårlegare resultat enn venta, men i ei turbulent tid leverer banken betre resultat enn mange andre bankar det er naturleg å samanlikne seg med. Den underliggende bankdrifta er svært god, og det er tilhøve som er drive av finanskrisa som dreg resultatet ned så mykje.


I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

## Årsoverskot og disponeringar

Styret foreslår følgjande disponeringar:

Årsoverskot av ordinær drift etter skatt	kr 19.434.000,-
Overført til sparebanken sitt fond	kr 14.577.000,-
Overført til gavefond med ålmennytige føremål	kr 4.857.000,-
Sum disponert	kr 19.434.000,-

Resultat etter skatt (mill. kr), morbank



## Resultatet for 2008 i konsernet

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Dotterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen. Det same blir konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemdene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS.

Eigedomsselskapa skal i utgangspunktet ha eit resultat tilnærma i balanse og skal såleis ha liten netto innverknad på konserntala, men det vil virke inn på dei ulike resultatpostane. I 2008 er det likevel nokre resultatmessige avvik i høve til målsettinga pga. av eit raskare stigande rentenivå enn venta.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir konsolidert inn i banken sin rekneskap gjennom SamSpar. SpareBank 1 Gruppen sitt førebels resultat etter skatt for 2008 er på -808,5 mill. kroner for året. Rekneskapen til konsernet SpareBank 1 Hallingdal kostnadsfører eit tap på 9,8 mill. kroner frå SamSpar som følgje av resultatet i Gruppen.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank sist haust. SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Resultatet frå dette selskapet påvirkar i liten grad konsernrekneskapen i 2008, men i 2009 vil det kunne gje eit positivt bidrag gjennom inntektsføring av badwill frå kjøpet.


Driftsresultatet før tap og skatt i konsernet vart 37,3 mill. kroner, ein reduksjon frå 2007 då resultatet vart 50,5 mill. kroner. Resultatet før skatt er 22,7 mill. kroner mot 44,9 mill. i 2007.

Resultat etter skatt enda på 9,9 mill. kroner mot 31,8 mill. i 2007. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 1,4% mot 4,9% i 2007.

## Balansen


Konsernet hadde ved utgangen av 2008 ein forvaltningskapital på 5,8 mrd. kroner, som er ein auke på 790 mill. kroner eller 16,2% frå utgangen av 2007. Konsernet fekk tilført kapital i året gjennom auke i innskot frå kundar på 587 mill. kroner eller 21,9% og auke i innlån frå kreditinstitusjonar på 174 mill. kroner. I 2007 var innskotsauken 6,9%.

Forvaltningskapital (mill. kr), konsern



Brutto utlån auka 48,8 mill. kroner, eller 1,1% i 2008. Veksten i 2007 var 19,8%. Fordelinga mellom lån til personmarknaden og bedriftsmarknaden var ved utgangen av året 57,1% og 42,9% av banken si samla utlånsmasse. Målsettinga er å halde lån til næringslivet under 40% av banken sine samla utlån inkl. Boligkreditt. Sjå elles avsnittet om kreditrisiko ovanfor.

Innskotsdekning (%), morbank




Med den sterke innskotsveksten har innskotsdekninga hatt ein bra stigning i året. Frå eit nivå på 59% i starten på året, har den auka til 71% ved utgangen av året. Styret ser på denne auke i eigenfunding som viktig i ein turbulent fundingmarknad for bankane.

## Konsernet sin eigenkapital

Etter forslag til avsetningar utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 700 mill. kroner. Konsernet si kapitaldekning er 16,01%, lovkravet er minimum 8%.

Eigenkapital (mill. kr), konsern



## Dotterselskap

Alle dotterselskapa med unntak av EiendomsMegler 1 Geilo AS er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer reknescapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale reknescapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 11 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit resultat etter skatt i 2008 på kr 13.000 mot eit underskot på kr 132.000 i 2007.

EiendomsMegler 1 Geilo AS vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85% av aksjane i selskapet. Selskapet driv egedomsmekling på Geilo og er ein svært profilert meklar av fritidsbustader i Noreg. Selskapet har 4 tilsette. Resultatet for 2008 viser eit underskot på kr 305.000 etter eit svært vanskeleg år for egedomsmeklarar. Selskapsresultatet i 2007 var eit overskot på 2,2 mill. kroner.

SpareBank 1 Hemsedal Eignedom AS driv med utleige og drift av fast eignedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i 2004, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Hemsedal, Hemsedal Regnskap AS og nokre eksterne leidgetakrar. Resultat etter skatt i 2008 vart eit underskot på kr 660.000 mot eit overskot på kr 141.000 i 2007. Årsaka til underskotet er høgare rentekostnader enn venta.

SpareBank 1 Gol Eignedom AS driv med utleige og drift av fast eignedom. Selskapet vart stifta i mai 2005, og har ein fast tilsett. Selskapet leiger ut lokale til banken i Gol og EiendomsMegler 1. Resultatet etter skatt vart eit overskot på kr 289.000 mot eit underskot på kr 454.000 i 2007.

SpareBank 1 Ål Eignedom AS driv med utleige og drift av fast eignedom. Selskapet vart stifta i 2006, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken på Ål, og til nokre eksterne leidgetakrar i underetasjen i Ålingen kjøpesenter. Resultatet i 2008 vart eit underskot på kr 290.000 mot eit underskot på kr 148.000 i 2007.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har som føremål å investere i verksemder. Selskapet vart stifta i 1982 som eit egedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006 etter at selskapet sin eignedom vart overført til det nystarta selskapet SpareBank 1 Ål Eignedom AS. Selskapet har ingen fast tilsette. I 2008 selde selskapet aksjane i Torpomoen Eignedom AS og Torpomoen Drift AS. Dette gav ein reknescapsmessig gevinst på nesten 1,9 mill. kroner. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS i 2008 vart eit overskot på kr 1.822.000 mot eit underskot på kr 182.000 i 2007.

## Utsiktene for 2009

Det store spørsmålet for året me har starta på, er korleis endringar i konjunkturkiletet og eit lågare aktivitetsnivå vil virke inn på banken si verksemd.

Styret forventar eit betre resultat i 2009 samanlikna med 2008. Styret meiner 2009 blir eit år der utlånsveksten normaliserer seg og rentemarginen vil halde seg stabil. Vidare forventar styret at provisjonsintektene vil auke. I 2008 vart reknescapen belasta med ein del eingongskostnader som svekka resultatet. Den underliggende bankdrifta har vore svært god og styret forventar at det vil vere situasjonen i 2009 også. Eit lågare rentenivå vil gje reduserte driftskostnader i tillegg til at auka kostnadsfokus skal redusere driftskostnadane.

Det er knytt noko uvisse til utviklinga i tapskostnadane. Styret vurderer at Hallingdal og Valdres vil koma betre ut av finanskrisa enn mange andre regionar. For det første er store delar av tiltakspakkane retta mot byggjebransjen og den er godt representert i banken sitt marknadsområde. Kronekursen er gunstig for internasjonale turistar som Hallingdal og Valdres har mange av. Det er få bedrifter som har sin hovudmarknad internasjonalt. Kommunane er store arbeidsgjevarar og dei får tilført meir pengar i 2009.

I vurderinga ligg det ei forventning om at børsen vil få ei positiv utvikling i løpet av 2009. Den vil få kundane attende til andre plasseringsprodukt enn bankinnskot, og banken forventar ein stigande aktivitet på dette området. Styret forventar positive bidrag frå konsernets ulike forretningsområde.

På grunn av den globale nedgangskonjunkturen er det større uvisse knytt til utviklinga i 2009 enn kva ein normalt står overfor. Uventa negative hendingar kan endre situasjonsbiletet for banken, og banken legg difor stor vekt på god likviditet og høg soliditet i 2009.

## Avsluttande merknader

Styret takkar kundar, forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for eit godt samarbeid i 2008. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2009.

Ein syner elles til reknescapen med noter.

Hallingdal, den 31. desember 2008 / 5. februar 2009

Kjell Vidar Bergo (sign.)  
Styreformann

Tomas Carlstrøm (sign.)

Sissel Bjørøen (sign.)

Berit Heitmann (sign.)

Mikael Fønhus (sign.)

Cathrine Fegth (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

# Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2008 Morbank	2008 Konsern	2007 Morbank	2007 Konsern
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		19 181	19 440	5 266	5 359
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		343 325	336 980	236 260	232 824
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	14 558	14 558	10 890	10 890
Andre renteinntekter og liknande inntekter		251	253	106	107
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>377 315</b>	<b>371 231</b>	<b>252 522</b>	<b>249 180</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		24 543	24 600	20 153	20 197
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		145 250	144 990	86 131	86 008
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir		93 247	93 247	48 176	48 176
Andre rentekostnader og liknande kostnader		816	816	-	-
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>263 856</b>	<b>263 653</b>	<b>154 460</b>	<b>154 381</b>
<b>NETTO RENTE- OG KREDITPROVISJONSINNTEKTER</b>		<b>113 459</b>	<b>107 578</b>	<b>98 062</b>	<b>94 799</b>
<b>Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning</b>					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	2 602	2 602	2 274	2 274
Inntekter av eigarinteresser i tilknytta selskap	2	-	-9 514	-	-127
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	-4 672	-	-631	-
<b>Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning</b>		<b>-2 070</b>	<b>-6 912</b>	<b>1 643</b>	<b>2 147</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>					
Garantiprovisjon	5	1 168	1 168	4 444	4 444
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	25 972	25 972	21 795	21 795
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>27 140</b>	<b>27 140</b>	<b>26 239</b>	<b>26 239</b>
<b>Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>					
Andre gebyr og provisjonskostnader		<b>2 254</b>	<b>2 254</b>	<b>2 007</b>	<b>2 007</b>
<b>Netto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>					
Nto verdiindr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		411	411	-277	-277
Nto verdiindr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		-3 528	-3 528	4 557	4 557
Nto verdiindr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	2 288	2 288	1 365	1 365
<b>Sum nto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>		<b>-829</b>	<b>-829</b>	<b>5 645</b>	<b>5 645</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	77	-43	81	860
Andre driftsinntekter		1 794	14 390	1 906	9 277
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>1 871</b>	<b>14 347</b>	<b>1 987</b>	<b>10 137</b>
<b>SUM ANDRE INNTEKTER</b>		<b>23 858</b>	<b>31 492</b>	<b>33 507</b>	<b>42 161</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>137 317</b>	<b>139 070</b>	<b>131 569</b>	<b>136 960</b>
<b>Løn og generelle administrasjonskostnader</b>					
Løn m.v.	8a	30 959	37 917	28 548	32 707
Pensjonar	9	6 036	6 628	3 517	3 926
Sosiale kostnader		5 646	6 500	4 989	5 434
Administrasjonskostnader		27 519	27 539	23 993	24 043
<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>70 160</b>	<b>78 584</b>	<b>61 047</b>	<b>66 110</b>

	Note	2008 Morbank	2008 Konsern	2007 Morbank	2007 Konsern
<b>Avskrivinger m.v. av varige dr.middel og immatr. eided.</b>					
<b>Ordinære avskrivinger</b>	4	<b>1 338</b>	<b>7 124</b>	<b>1 570</b>	<b>6 237</b>
<b>Andre driftskostnader</b>					
Driftskostnader faste eigedomar		150	1 542	89	1 637
Andre driftskostnader	7	20 550	14 515	18 471	12 467
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>20 700</b>	<b>16 057</b>	<b>18 560</b>	<b>14 104</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>92 198</b>	<b>101 765</b>	<b>81 177</b>	<b>86 451</b>
<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>		<b>45 119</b>	<b>37 305</b>	<b>50 392</b>	<b>50 509</b>
<b>Tap på utlån og garantiar</b>					
Tap på utlån	3	12 537	12 537	5 645	5 645
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>12 537</b>	<b>12 537</b>	<b>5 645</b>	<b>5 645</b>
<b>Nedskriving/reversering av nedskriving og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler</b>					
Nedskriving/reversering av nedskriving	2	-	4 000	-	-
Gevinst/tap		-	-1 882	-19	-14
<b>Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.</b>		<b>-</b>	<b>2 118</b>	<b>-19</b>	<b>-14</b>
<b>RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>32 582</b>	<b>22 650</b>	<b>44 766</b>	<b>44 878</b>
<b>Skatt på ordinært resultat</b>	14	<b>13 149</b>	<b>12 775</b>	<b>12 949</b>	<b>12 933</b>
<b>RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT</b>		<b>19 433</b>	<b>9 875</b>	<b>31 817</b>	<b>31 945</b>
Minoritetsandel av resultatet			-45		78
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>		<b>19 433</b>	<b>9 920</b>	<b>31 817</b>	<b>31 867</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>					
Disponeringar					
Overført til sparebanken sitt fond	15	14 576		23 917	
Overført til gaver		4 857		7 900	
<b>SUM DISPONERINGAR</b>		<b>19 433</b>	<b>-</b>	<b>31 817</b>	<b>-</b>

# Balanse per 31. desember 2008

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2008 Morbak	2008 Konsern	2007 Morbak	2007 Konsern
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>		<b>142 792</b>	<b>142 792</b>	<b>21 626</b>	<b>21 626</b>
<b>Utlån til og fordringar på kreditteinstitusjonar</b>					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el opps.frist		679 490	679 596	88 826	89 162
Utlån til og fordr. på kred.inst. med avtalt løpet.el opps.frist		-	-	-	492
<b>Sum utlån til og fordringar på kreditteinstitusjonar</b>		<b>679 490</b>	<b>679 596</b>	<b>88 826</b>	<b>89 654</b>
<b>Utlån til og fordringar på kundar</b>					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		981 301	980 241	956 315	956 315
Byggjelån		325 949	325 949	238 586	238 586
Nedbetalingslån		3 308 258	3 208 179	3 371 825	3 281 017
<b>Sum utlån før nedskrivning</b>		<b>4 615 508</b>	<b>4 514 369</b>	<b>4 566 726</b>	<b>4 475 918</b>
- Individuelle nedskrivningar	3	7 305	7 305	5 332	5 332
- Gruppevis nedskrivningar	3	19 200	19 200	10 400	10 400
<b>Sum netto utlån og fordringar på kundar</b>		<b>4 589 003</b>	<b>4 487 864</b>	<b>4 550 994</b>	<b>4 460 186</b>
<b>Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning</b>					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		116 280	116 280	95 520	95 520
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		127 718	127 718	152 088	152 088
<b>Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir</b>	1	<b>243 998</b>	<b>243 998</b>	<b>247 608</b>	<b>247 608</b>
<b>Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2	63 797	64 790	73 112	74 173
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2	1 055	1 055	1 037	1 037
<b>Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>		<b>64 852</b>	<b>65 845</b>	<b>74 149</b>	<b>75 210</b>
<b>Eigarinteresser i tilknytta selskap</b>	2	<b>48 761</b>	<b>66 039</b>	-	<b>1 382</b>
<b>Eigarinteresser i konsernselskap</b>	2	<b>22 546</b>	-	<b>23 034</b>	-
<b>Immaterielle egedeler</b>					
Goodwill	4	-	11 621	-	17 405
Utsett skattefordel	14	298	3 085	-	736
<b>Sum immaterielle egedeler</b>		<b>298</b>	<b>14 706</b>	-	<b>18 141</b>
<b>Vareige driftsmiddel</b>					
Maskinar, inventar og transportmidlar		3 459	8 880	2 457	8 772
Bygningar og andre faste eigedomar		2 052	89 496	1 826	80 307
Andre varige driftsmidlar		3 645	3 645	3 945	3 945
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	4	<b>9 156</b>	<b>102 021</b>	<b>8 228</b>	<b>93 024</b>
<b>Andre egedeler</b>					
Finansielle derivater	12	-	-	505	505
Andre egedeler		10 513	10 513	12 319	12 319
<b>Sum andre egedeler</b>		<b>10 513</b>	<b>10 513</b>	<b>12 824</b>	<b>12 824</b>
<b>Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekte inntekter</b>					
Opptente ikkje mottekte inntekter		23 183	23 179	16 713	16 713
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9	8 232	8 648	9 461	9 847
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		1 242	6 776	1 022	8 070
<b>Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekte inntekter</b>		<b>32 657</b>	<b>38 603</b>	<b>27 196</b>	<b>34 630</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	10,11	<b>5 844 066</b>	<b>5 851 977</b>	<b>5 054 485</b>	<b>5 054 285</b>

<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>Note</b>	<b>2008 Morbank</b>	<b>2008 Konsern</b>	<b>2007 Morbank</b>	<b>2007 Konsern</b>
<b>GJELD</b>					
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar</b>					
Lån og inns. frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		-	-	-	-
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		392 000	392 919	377 000	378 187
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>	<b>10,11</b>	<b>392 000</b>	<b>392 919</b>	<b>377 000</b>	<b>378 187</b>
<b>Innskot frå og gjeld til kundar</b>					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		3 085 211	3 078 882	2 466 051	2 462 680
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		194 291	194 291	223 408	223 408
<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>	<b>10,11</b>	<b>3 279 502</b>	<b>3 273 173</b>	<b>2 689 459</b>	<b>2 686 088</b>
<b>Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>					
Obligasjonsgjeld		1 424 449	1 424 449	1 267 111	1 267 111
- Eigne ikke - amortiserte obligasjonar	12	-	-	2 000	2 000
<b>Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>	<b>10,11</b>	<b>1 424 449</b>	<b>1 424 449</b>	<b>1 265 111</b>	<b>1 265 111</b>
<b>Anna gjeld</b>					
Finansielle derivater	12	-	-	201	201
Anna gjeld		30 881	20 022	25 678	22 137
<b>Sum anna gjeld</b>		<b>30 881</b>	<b>20 022</b>	<b>25 879</b>	<b>22 338</b>
<b>Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter</b>		<b>19 818</b>	<b>22 472</b>	<b>15 817</b>	<b>20 251</b>
<b>Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktingar</b>					
Pensjonsforpliktingar	9	13 489	14 542	11 048	11 794
Utsett skatt		-	3 878	1 348	548
Andre avsetninger for påløpte kostnader og forpliktingar		46	46	-	156
<b>Sum avsetninger for påløpte kostnader og forpliktingar</b>		<b>13 535</b>	<b>18 466</b>	<b>12 396</b>	<b>12 498</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>5 160 185</b>	<b>5 151 501</b>	<b>4 385 662</b>	<b>4 384 473</b>
<b>Minoritetsinteresser</b>			<b>204</b>		<b>1 894</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>					
<b>Opptent eigenkapital</b>					
Fond for vurderingsulikheter		-	17 278	-	-
Sparebanken sitt fond	15	675 500	675 500	660 923	660 923
Gåvefond		8 381	8 381	7 900	7 900
Anna eigenkapital		-	-887	-	-905
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>683 881</b>	<b>700 272</b>	<b>668 823</b>	<b>667 918</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>683 881</b>	<b>700 272</b>	<b>668 823</b>	<b>667 918</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>10,11</b>	<b>5 844 066</b>	<b>5 851 977</b>	<b>5 054 485</b>	<b>5 054 285</b>
POSTAR UTANOM BALANSEN					
<b>Betinga forpliktingar</b>					
Garantiar	5	<b>591 383</b>	<b>591 383</b>	<b>322 272</b>	<b>322 272</b>

Hallingdal, den 31. desember 2008 / 5. februar 2009

Kjell Vidar Bergo (sign.)      Tomas Carlstrøm (sign.)      Sissel Bjørøen (sign.)  
Styreformann

Berit Heitmann (sign.)      Mikael Fønhus (sign.)      Cathrine Fegth (sign.)      Vidar Isungset (sign.)

# NOTER TIL KONSERNREKNESKAPEN 2008

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

## Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

## Konsolidering

Konsernrekneskapen som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde datterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt EiendomsMegler 1 Geilo med 85% eigarandel.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde datterselskapa blir eliminert.

## INNHOLD

1. Obligasjonar og andre renteberande verdipapir  
Ansvarlege lån
2. Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis  
Felles kontrollert verksemd  
Datterselskap  
Tilknytt selskap
3. a. Risikklassifisering av utlånsporteføljen  
b. Prinsipp for vurdering av engasjement  
c. Tap på utlån  
d. Utlån fordelt etter næring og geografi  
e. Overtatte eigedommar
4. Varige driftsmidlar – avskrivningar
5. Garantiansvar
6. Provisjonar og gebyr
7. Andre driftskostnader
8. a Tillitsvalte og tilsette  
b Ekstern revisjon
9. Pensjonsforpliktingar
10. a Finansiell risikokommentar  
b Renteendringstidspunkt på egedelspostar  
og gjeld / eigenkapital
11. Restløpetid på egedelspostar og gjeld / eigenkapital
12. Finansielle derivater
13. Gjeld
14. a Utrekning av betalbare skattar  
b Utsett skatt
15. a Eigenkapitalendring  
b Kapitaldekning  
c Kontantstraumanalyse

## Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir.

Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta.

Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar / ansvarlege lån på kr 293 mill. utgjer avkastninga 3,33%.

Beholdninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklassar:			
Ustedt av det offentlege	0%	116 280	116 750
Ustedt av andre	20%	83 908	83 437
Kredittføretak	20%	43 894	43 811
		<b>244 082</b>	<b>243 998</b>
Porteføljenedskriving		84	
<b>Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank</b>		<b>243 998</b>	<b>243 998</b>

### Rentefølsem på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 466 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 ved 1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

### Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kreditinstitusjonar	2 310
Ansvarleg lånekapital bokført under utlån	16 864
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>	<b>19 174</b>

## NOTE 2: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsportefølje. Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljene.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

<b>Aksjar:</b>	<b>Antal aksjar</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Marknadsverdi</b>
Stolt-Nielsen	1 190	138	84
Acergy	11 050	590	431
Funcom	23 000	378	61
Subsea 7 Inc	900	64	36
Golden Ocean	33 000	503	148
Seadrill	18 050	1 570	995
Vizrt	25 000	537	500
Data Respons	23 000	261	200
Prosafe	23 230	740	604
Fred Olsen Energy ASA	4 460	938	821
Orkla AS	39 650	2 087	1 802
Det Norske Oljeselskap	2 000	30	9
Norsk Hydro As	27 850	904	774
Tandberg Asa	7 720	572	582
DnB NOR Asa	24 160	1 211	652
Telenor Asa	38 550	2 491	1 785
StatoilHydro	14 082	1 824	1 604
Renewable Energy Corporation	11 700	1 140	755
Odim	7 800	350	225
Petroleum Geo-Services	15 000	845	415
Yara International	14 290	2 231	2 126
Jinhui Shipping & Transp.	2 500	115	18
Aker	1 446	296	198
Songa Offshore Asa	24 100	919	318
Storebrand	20 000	489	335
Atea ASA	8 900	261	148
Aker Solutions ASA	8 500	472	383
Bonheur	1 700	309	247
Frontline	500	120	100
SpareBank 1 Eiendomsinvest AS	28 200	2 820	2 764
TGS Nopec	6 500	315	225
<b>Sum aksjar</b>	<b>25 520</b>	<b>19 345</b>	
<b>Aksjefond :</b>			
Alfred Berg Global Quant	77 191	14 053	14 764
Alfred Berg Nordic Best Selection	7 946	2 330	1 249
Equity World Emerging	505	1 126	1 151
<b>Sum aksjefond</b>	<b>17 509</b>	<b>17 164</b>	
Porteføljenedskriving		-6 523	
<b>Sum kortsiktig plassering morbank</b>	<b>36 506</b>	<b>36 509</b>	
<b>Anleggsaksjer:</b>			
Aal Skisenter AS	40	50	
SpareBank 1 Boligkredit AS	108 700	22 523	
Ringerike/Hadeland Eiendomsmegler AS	148	3 553	
Nordito AS	17 910	959	
Spama AS	130	11	
Orkla ASA	1 664	178	
Sevan Marine AS	16 000	159	
Nedskrivingar		-142	
<b>Sum anleggsaksjer morbank</b>	<b>27 291</b>		
<b>Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank</b>	<b>63 797</b>		

<b>Aksjar:</b>	<b>Bokført verdi</b>
Anleggsaksjer 01.01	51 612
reklassifisert til felleskontrollert verksemd	-30 797
reklassifisert til omløpsakjer	-2 820
Tilgang	9 438
Avgang	-
Nedskrivinger	-142
<b>Anleggsaksjer 31.12 morbank</b>	<b>27 291</b>

**Felleskontrollert verksemder**

Felleskontrollerte verksemder er klassifisert sammen med tilknytta selskap.

Felleskontrollerte verksemder blir ført til kostpris i morbank. I konsernrekneskapen blir resultatet innarbeidd i hht. eigenkapitalmetoden.

<b>Selskap</b>	<b>Eigarandel</b>	<b>Selskapskapital</b>
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	7,50%	4 500
<b>Balanseverdi 01.01 konsern</b>		-
Kjøpt i året	4 500	
Resultat andel	263	
<b>Balanseverdi 31.12 konsern</b>		<b>4 763</b>

Selskapet eig 20% av BN Bank. Rekneskapen er basert på internasjonale reglar (IFRS), då det ikkje har vore mogleg å fremskaffe tall i hht. god norsk rekneskapsskikk. Det er ikkje vesentlege forskjellar på tala som følgje av at IFRS er nytta. Ved oppkjøpet var kostpris lågare enn balanseført eigenkapital. Banken sin andel av denne badwillen, var på kr 31 170 000. Badwillen blir inntektsført over 3 år.

Av badwillen er kr 230 000 inntektsført i 2008.

<b>Selskap</b>	<b>Eigarandel</b>	<b>Selskapskapital</b>
Samarbeidende Sparebanker AS	6,25%	37 616
<b>Balanseverdi 01.01 konsern</b>		<b>30 797</b>
Verdiregulering 01.01	28 247	
Kjøpt i året	13 464	
Redusert verdiregulering i året	-1 456	
Resultat andel	-9 776	
<b>Balanseverdi 31.12 konsern</b>		<b>61 276</b>

<b>Selskap</b>	<b>Land</b>	<b>Eigedeler</b>	<b>Gjeld</b>	<b>Eigenkapital</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Resultat</b>
Samarbeidende Sparebanker AS	Norge	1 141 468	287 639	853 828	33 441	(156 416)
Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS	Norge	63 504	-	63 504	3 504	3 504

**Verdi**

Verdiregulering skuldast innarbeiding av urealiserte gevinstar i livsforsikringsselskap. God rekneskapsskikk i Norge er for livsforsikringsselskap tilpassa internasjonale rekneskapsreglar (IFRS), som tillat balanseføring av urealiserte gevinstar.

## Dotterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineaksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom, Hemsedal Regnskap AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS.

Banken eig 85% av EiendomsMegler 1 Geilo.

Dotterselskap er innarbeid etter eigenkapitalmetoden.

### SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

Selskapet eig div. aksjar og andelar.

Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen faste tilsette.

### SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom, samt utleige av driftsmidlar.

Selskapet vart stifta i 2004. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken i Hemsedal.

### SpareBank 1 Gol Eigedom AS

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2005. Selskapet har 1 fast tilsett. Selskapet leiger ut lokal til banken på Gol.

### SpareBank 1 Ål Eigedom AS

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2006. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken på Ål.

### Hemsedal Regnskap AS

Hemsedal Regnskap AS har 11 fast tilsette. Verksemda består av å yte bistand til næringslivet i form av rekneskapsføring og informasjonstjeneste. Dagleg leiar er Per Gunnar Markegård.

### EiendomsMegler 1 Geilo AS

EiendomsMegler 1 Geilo AS har 4 tilsette. Verksemda driv eigdomsmekling.

Dagleg leiar er Christian Haatuft.

Følgjande postar i banken sin morrekneskap er påverka av engasjementet med datterselskapa:

	SB1 Hallingdal Invest AS		SB1 Hemsedal Eigedom AS		SB1 Gol Eigedom AS		SB1 Ål Eigedom AS		Hemsedal Regnskap AS		EM1 Geilo AS	
	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007
Renteinntekter på utlån frå kundar	3	1	2 536	449	2 403	1 895	1 363	1 057	1	1	40	-
Renteutgifter på innskot frå kundar	134	6	74	59	35	33	17	10	33	15	-	-
Andre driftsutgifter	-	-	4 920	2 742	4 224	3 905	1 860	1 483	175	160	-	-
Innskot frå kundar	3 661	133	664	1 975	913	700	413	69	678	494	-	-
Utlån til kundar	-	-	35 651	36 834	45 159	34 457	19 269	19 517	-	-	1 040	-
<b>Bokført verdi i morbanken 01.01</b>	<b>2 087</b>	<b>2 269</b>	<b>850</b>	<b>709</b>	<b>551</b>	<b>1 005</b>	<b>-4 396</b>	<b>-4 396</b>	<b>273</b>	<b>405</b>	<b>19 273</b>	<b>-</b>
Andel av årets resultat	1 822	-182	-610	141	289	-454	-142	-	13	-132	-6 043	-3
Kjøp i løpet av året	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	19 276
Innbet. ved aksjeteikn./konsernbidr.	-	-	8 640	-	-	-	400	-	-	-	-	-
Utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-460	-
<b>Bokført verdi i morbanken 31.12</b>	<b>3 909</b>	<b>2 087</b>	<b>8 880</b>	<b>850</b>	<b>840</b>	<b>551</b>	<b>-4 138</b>	<b>-4 396</b>	<b>286</b>	<b>273</b>	<b>12 770</b>	<b>19 273</b>
Bokført eigenkap. i datterselskapet	3 909	2 087	8 830	850	840	551	52	-58	286	273	1 373	19 273
Bokført resultat i datterselskapet	1 822	-182	-660	141	289	-454	-289	-148	13	-132	-305	-3
Eigarandel i morbanken	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	85%	85%

## Tilknytta selskap

### Torpomoen Eigedom AS

Banken sitt datterselskap SpareBank 1 Hallingdal Invest AS sin andel på 33 % av Torpomoen Eigedom AS vart seld i byrjinga av 2008. I 2007 var andelen av dette selskapet sitt resultat innarbeidd i rekneshapen (eigenkapitalmetoden).

Følgjande postar i konsernet sin rekneshap er påverka av engasjementet med tilknytta selskap:

	2008	2007
<b>Bokført verdi i konsern 01.01</b>	<b>1 259</b>	<b>1 1403</b>
Andel av årets resultat	-	-144
Salgssum	2 995	-
Gevinst	1 736	-
<b>Bokført verdi i konsern 31.12</b>	<b>-</b>	<b>1259</b>

### Torpomoen Drift AS

Banken sitt datterselskap SpareBank 1 Hallingdal Invest AS sin andel på 18 % av Torpomoen Drift AS vart seld i byrjinga av 2008. I 2007 var andelen av dette selskapet sitt resultat innarbeidd i rekneshapen (eigenkapitalmetoden).

Følgjande postar i konsernet sin rekneshap er påverka av engasjementet med tilknytta selskap:

	2008	2007
<b>Bokført verdi i konsern 01.01</b>	<b>124</b>	<b>18</b>
Salgssum	270	90
Andel av årets resultat	-	16
Gevinst	147	-
<b>Bokført verdi i konsern 31.12</b>	<b>-</b>	<b>124</b>

## Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen

### Risikoklassifisering

SpareBank 1 Hallingdal risikoklassifiserer alle sine utlånsengasjement. Kundane blir klassifisert etter reikt objektive kriteria som åtferd, innenting, tæringer og sikkerheit. Klassifiseringa er ein integrert del av kredittprosessen og alle kundar blir kvar månad risikoklassifisert i banken sitt risikoklassifiseringssystem som blir drifta av SpareBank 1-alliansen. Systemet gir banken ein god oversikt over risikoene i utlånsporteføljen til ein kvar tid, og viser endringar i risikonivået over tid. Klassifiseringa blir vidare brukt som eit grunnlag for prioritering av ressursbruk, vurdering av framtidige tapsprognosar og val av satsingsområde.

Prising av utlån og garantiar er knytt til risikoklassar gjennom banken si prisliste. Prislista er delt inn i intervall for pris i kvar risikoklasse.

	Brutto utlån		Garantiar		Trekkrettar		Individuelle nedskrivingar		Forventa årleg tap
	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2009
Svært låg risiko	1 733 399	2 141 067	262 068	133 135	246 787	242 332	-	-	-
Låg risiko	624 790	754 647	94 155	83 387	58 459	103 437	-	-	24
Moderat risiko	1 452 207	1 107 133	185 822	92 080	125 216	91 767	-	-	79
Høg risiko	298 507	203 637	15 499	4 673	6 311	2 929	-	-	379
Svært høg risiko	355 726	332 763	30 692	8 915	23 312	38 937	-	-	1 684
Misleghelde og nedskrive	150 879	27 579	3 147	83	166	-	7 305	5 333	3 834
<b>Sum</b>	<b>4 615 508</b>	<b>4 566 826</b>	<b>591 383</b>	<b>322 273</b>	<b>460 251</b>	<b>479 402</b>	<b>7 305</b>	<b>5 333</b>	<b>6 000</b>

Dei gruppevis nedskrivingane i SpareBank 1 Hallingdal utgjer per 31.12.08 totalt 19,2 mill. kroner samanlikna med 10,4 mill. kroner ved utgangen av 2007. Endringar i porteføljen blir overvåka gjennom året i banken sin risikorapport. Denne avstemminga skjer kvartalsvis og baserer seg på utrapportert migrering mellom risikoklassane. I 2008 har banken hatt ein samla utlånsvekst på 1,1% med sterkest vekst innafor bedriftsmarknaden (13,1%). Forventa framtidig tap byggjer på banken sin tapshistorikk. Banken ventar eit høgare nivå på konstaterte tap dei komande 12 månadane sjølv om rentenivået blir lågare. Effektane av finanskrisa er vanskeleg å vurdere, og det er vanskeleg å sjå føre seg kvar tapa kjem. Banken har gjennomført ekstra gruppevis nedskrivingar i 2008. Forventa årleg tap for 2009 er budsjettert til 1,5 mill. kroner for privatmarknaden og 4,5 mill. kroner for bedriftsmarknaden med ei fordeling mellom risikoklassane som byggjer på forventa tapsprosent for kvar risikoklasse i risikoklassifiseringssystemet.

	Brutto utlån		Garantiar		Trekkrettar		Individuelle nedskrivingar		Forventa årleg tap
	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	
<b>Næringsliv</b>									
Offentleg sektor	1 575	4 728	-	-	6 809	7 750			
Primærnæring	207 365	218 090	31 617	14 332	36 217	40 363			
Industri	65 640	63 415	13 912	7 332	9 945	6 759			
Bygg og anlegg	258 132	278 016	107 607	75 115	53 493	67 405			
Varehandel	98 998	100 125	34 578	23 973	26 687	27 203			
Hotell, restaurant og reiseliv	264 380	183 479	18 084	11 283	8 419	30 548			
Transport	69 713	46 881	23 304	21 090	5 459	4 972			
Forretningsmessig tenesteyting	172 673	119 835	18 888	6 896	14 088	9 788			
Eigedom	839 690	734 688	133 447	83 167	65 517	41 239			
<b>Sum næringsliv</b>	<b>1 978 166</b>	<b>1 749 257</b>	<b>381 437</b>	<b>243 188</b>	<b>226 635</b>	<b>236 026</b>			
<b>Personkundar</b>	<b>2 637 342</b>	<b>2 817 469</b>	<b>209 946</b>	<b>79 085</b>	<b>233 616</b>	<b>243 376</b>			
<b>Sum</b>	<b>4 615 508</b>	<b>4 566 726</b>	<b>591 383</b>	<b>322 273</b>	<b>460 251</b>	<b>479 402</b>			

	Misleghaldne engasjement		Tapsutsette engasjement		Individuelle nedskrivingar		Forventa årleg tap
	2008	2007	2008	2007	2008	2007	
<b>Næringsliv</b>							
